

### Styremøte 3/2021

Til stades: Sigrid, Pål Arve, Anne Sofie, Runar, Ann Karin, Siss-May

Fråver: Frode, Janne

Føremålet med møtet var å drøfte fram forslag om vedtak på innmeldte saker til årsmøtet:

Sak nr	Tema	Vedtak
6/2021 (sak frå styremøte 2/2021)	Sjå førre møtoreferat ( <a href="https://tambarskjelvar.no/om-til/styret/">https://tambarskjelvar.no/om-til/styret/</a> ) som omhandlar endring av medlemskontingent. Styret foreslår å endre frå familiemedlemskap til berre enkeltmedlemskap. Dette vert enklare å administrere i KlubbAdmin. Samstundes vil vi truleg misse ein del støtte medlemmar. Foreslår difor eigen sats for støtte medlemmer.	Styret foreslår at følgjande satsar vert lagt fram for årsmøtet: Born (0-10 år) 50,- Ungdom (11-17 år) 100,- Vaksne: 200,- Støttemedlem: 100,-
8/2021	<p><b>Det er meldt inn to saker til Årsmøte 2021:</b></p> <p><b>Støtte til kjøp av ny Skjeldalfres i Instedalen skianlegg</b> Styret i skianlegget og ski- og orienteringsgruppa har ved fleire høve drøfta kjøp av løypemaskin i skianlegget. Saka har også vorte teke opp med styret i Tambarskjelvar og også drøfta med den andre eigaren, Instedalen krins. Årsmøte i ski- og orienteringsgruppa kom til at ein heller ville kjøpe ein ny Skjeldalfres og ein ekstra sporsettar slik at ein har ein i anlegget og ein på parkeringsplassen ved Vonavegen.</p> <p>Tambarskjelvar løyvde i 2018 200.000 kroner til (lysanlegg i) skianlegget. Desse midlane vert det ikkje behov for då lysanlegget som kommunen bygger er godkjent som friluftslivanleg og får 50 % av kostnadene i spelemidlar.</p> <p>Vidare har skianlegget behov for meir plass til utstyr og materiell, eit lager og ein garasje til å plassere utstyr mm i.</p> <p>Med bakgrunn i dette foreslår årsmøte i ski- og o-gruppa at dei løyvde midlane (200.000 kr) går til å kjøpe ny Skjeldalfres og å bygge lager/garasje. Vidare at det vert løyvd inntil 100.000 kroner til for å få realisert både kjøp og bygging.</p>	Sjå protokoll frå Årsmøte 2021.

	<p><b>Forslag om at Tambarskjelvar tek over ansvaret for Øyra Løken nærmiljøanlegg/fritidsområde</b></p> <p>Styret for Øyra Løken nærmiljøanlegg meiner det er behov for å drøfte drifta og organiseringa av arbeidet med anlegget som no er bygd ut med fleire anleggseiningar, og det er planar om fleire.</p> <p>Med bakgrunn i det ber eg om at årsmøte drøfter om Tambarskjelvar vil ta over ansvaret for drifta, vedlikehaldet og utbygginga av anlegget. Det er Sunnfjord kommune som eig arealet, men eit eige styre med representantar for grendalaga har ansvaret for utbygginga og drifta i dag. Tambarskjelvar har eit medlem i styret, men idrettslaget står ikkje som medlem/deltakar i organsiasjonen.</p> <p>Bakgrunnen for å ta dette opp er at anlegget truleg vil verte brukt meir og meir av grupper i idrettslaget når dei ulike anleggseiningane vert ferdige. Grendalaga/velforeiningane er svakt organisert og fleire har liten aktivitet. Nokre av grendalaga som var med og skipa organisasjonen er ikkje lenger særleg aktive. Med at Tambarskjelvar overtek vil utbygginga og drifta verte sikra på ein god måte.</p>	
9/2021	<p>Heidersteikn Det er meldt inn aktuelle Trimgruppa, Friidrett og fotball.</p> <p>Æresmedlem: Åsmund Berhelsen for framifrå innsats i Tambarskjelvar gjennom mange år, både som leiar, styremedlem, trenar, gruppeleiar og primus motor for Instedalen skianlegg. Gåvekort kr 1000,-</p>	<p>Siss-May bestiller innramma plakat hjå Fri Design, blomer til dei som går ut av styret, ordstyrar på årsmøtet, heidersteikn og æresmedlem, og gåvekort Sport1 til æresmedlem.</p> <p>Anne Sofie ordnar med tvist og mineralvatn til årsmøtet.</p>